

## Ulland (gnr. 103)

Ulland: Gardnamn som truleg kjem av gardenamnet Ullr. Skrivemåten av namnet var i den eldste tid ustø og skiftande.

I skrivne kjelder finn vi garden ført i skattelista for Bygningsskatten 1594, gardnamnet er der skrivne Ullenn. Ein merker seg og at garden er ført i gruppa for "Halfue gaarde", som egentleg tyder halvstore gardar. Ti år seinare er i 1604 "Ullelandt" ført i liste over "Tiendekorn", og garden svara da 2½ tønne, som t.d. Lunde, Reistad og Hammer. Etter atter 6 år er det i 1610 tydeleg fortalt "Wincentz" da fekk 1. bygsel på eit gardsbruk "Ullandt" av skyld 1 hud. Det går vidare tydeleg fram at dette Ulland før hadde hørt til i den store jordegodssamlinga som Gyrvild Fadersdotter ein gong i tidsromet 1586-1599 gav kong Christian 4. Andre Fåberggardar som hørde med Gyrvild Fadersdotters jordegodssamling var: Bierke 1 hud, Smestad 7 huder, Holme 2 huder, Tråset 4 huder, Fagstad 2 huder, Rindal 2 huder. Som krongods vart så desse gardane oftast først bygsla bort og seinare selde etter kvart til private. I 1612 er det såleis fortalt at Fincenz Ulleland var bygslar og brukar av 1½ hud "fru Gyrvilds gods". Av 1623 er elles ei merkeleg sak der det er fortalt at "Olluff Ulleland" vart dømt til å betale ei større pengebot fordi han "ulovlig solgte en Ellshuud til en kremmerdreng av Oslo". I 1630 var elles Olluff vorte bygslar og brukar på Ulleland da av skyld 1 hud 1½ bismarpund fisk.

Femten år seinare hadde det i 1645 atter vore brukarskifte, og Arne Ulleland betalde den utlikna ekstraskatten Kopskatten 1645 for seg og kona si med tilsm. 1 mark 8 skl. i pengar. Dette var under dei langvarige krigane på 1600-talet, og i 1657 kom ein annan ekstraskatt: Kvegskatten 1657, så kalla fordi at krøtertalet på gardane da vart lagt til grunn ved utrekninga av skatten. Just dette gjer elles at det da er fortalt at buskapen på t.d. Ulland i den tid var: 1 hest, 2 hopper, 16 naut, 7 geiter, 17 sauer og 2 griser. Eit anna opplysende dokument frå denne tid er Mandkjønsmandtallet 1665, så kalla fordi det vart brukt under utskrivninga av soldater. Der er det vidare om karane på Ulland i den tid fortalt at husbonden egentleg hette Arne Jonsen, og at han hadde ein son som heitte Oluf og ein tenestkar som heitte Torbjørn.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om Ulleland vidare fortalt at garden da tilhørde Peitter Jessens Canonj, at brukaren og bygslaren der framleis heitte Arne, og at landskylda framleis var 2 huder eller 24 skinn, men at landskylda og kunne krevjast inn med 3 bismarpund smør. Buskapen av store husdyr var da 3 hestar og 14 naut, og korntienda vart utreidd med 3 tønner, som altså svara til ei årsavling på 30 tønner, og det var ikkje lite. Det går og fram at Ulland alt da hadde seter og sommararbeite for krøtera på "Scielbresetter".

Av år 1695 er her ei sak som er av stor interesse: Garden Ulland vart da ved handel delt i to like store halvpartar, og kaptein Jens Leegaard gav samtidig skjøte til Ole Siverson på det eine Ulland av skyld 1 hud, og samtidig skjøte til Christen Olsen på det andre Ulland av skyld 1 hud. Det er opplyst at Ole Siverson alt da budde på Ulland, og nærare bestemt på Ulland nedre.

Men i 1711 var husbonden Ole Siverson død, og det var arveskifte på "Ulleland i Faaberg". Ved dette skiftet går det tydeleg fram at "Odelsgoods, sin påboende gaard" var medregistrert i arvebuet, som dermed utgjorde 141 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Marit Sifersdtr. dei 3 vaksne borna: Jacob, Berte og Kjerstie. Av same år, altså 1711, er og ei opplysende sak om Skjelbrei seter, og etter utskrift av tingboka er referert slik:

”Fåberg 6. jui 1711.

Gudmund og Bjørn Løgstad, Peder Simenrud, Jacob Sifverud, Niels Sifverud, Jacob Snaghold, Arne Jørstad, Peder Jørstad, Christen Ulleland, Oluf Ulleland med andre flere som setrer på Skelbred, lot opplese Kong. Mayts foged sr Bruns bevillingsseddel, at måtte innhegne sæterløkker på Skelbred sæter, og når noget der kan avles, da at angi det for skatt. Dat. 3. oktober 1710”.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom fram med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om dei to Ullandsgardane felles fortalt at dei ligg i sollia, og at jordarten der er god, men at dei da var tungbrukte. Båe hadde og like stor buskap, nemleg: 2 hestar, 10 naut, 12 sauer og 6 geiter, og den årlege utsæd på kvar av gardane var kring 3½ tønne bygg og litt rug. Det er og oppgitt at båe gardane hadde kvern, sikkert i Rinna elv, men det er helst truleg at dei hadde kverna isaman. Oppsittaren på øvre Ulland var da Knut Poulsen, og oppsittaren på nedre Ulland var Christen Olsen.

År 1732 er Ulland nedre kalla ”Ulleland nedre stuen i Faaberg”, og det var da atter dødsbuskifte der. Den døde var da husmora Marit Iversdtr., og arvebuet utgjorde med jordegodset brutto 255 rd. og netto 111 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Christen Olsen dei 5 vaksne borne i ekteskapet. Dei var: a. Arne 32 år, b. Iver 27 år, c. Ole 25 år, d. Sidsil 34 år, e. Anne 29 år. Samtidig med skiftet fekk så eldste sonen, Arne Christensen, søskenskjøte på farsgarden.

Arne Christensen f. 1700, som dermed tok over som eigar og brukar av ”Ulland Nedre stue”, gifta seg i 1733 med Ane Olsdtr. Lundgaard, og dei fekk fleire born: Det var: a. Christen døypt 25.01.1733, b. Beret f. 1735, c. Marit f. 1737, d. Ole f. 1740, død 1763, e. Marit f. 1743, død 1744, f. Ingeborg f. 1746, død 1752, g. Sessel f. 1747, h. Tosten f. 1752, i. Anne.

Knut Poulsen på Øvre Ulland brukte garden til i 1740, da han skjøta Ulland over til Arne Pedersen for kjøpesum 353 rd. I samband med handelen lånte så kjøparen Arne Pedersen 200 rd. av soknepresten magister Hans Biercherod mot årleg lovleg rente og pant i grd. Ulleland av skyld 1 hud.

Den nye husbonden, Arne Pedersen, som dermed tok over på Øvre Ulland, gifta seg i 1734 med Sigri Larsdtr., og borna deira var: a. Kari f. 1735, gift 1774 med Ole Tostensen Øvstedal (Gausdal), b. Marit f. 1737, c. Peder f. 1739, d. Ole f. 1740, gift 1776 med Anne Svendsdtr., e. Marit f. 1743, g. Lars f. 1745, gift 1774 m. Ingeborg Pedersdtr., h. Ole f. 1747, i. Mari f. 1750. Faren Arne Pedersen døde elles same året, altså 1750, og enka Sigri Larsdtr. gifta seg i 1751 oppatt med Ole Jacobsen, og dei fekk i sitt ekteskap ein son, Arne, som i 1790 vart gift med Beret Olsdtr.

I samband med dødsfallet i 1750 var det den 21. april 1751 dødsbuskifte på ”Ulland øvre Stue i Faaberg”. Ved dette skiftet vart jordegodset i Ulland øvre verdsett til 250 rd., og arvebuet utgjorde brutto 409 rd. og netto 170 rd.

På Ulland nedre var Christen Arnesen framleis brukar til han døde i 1763, berre 30 år gamal. Enka Berit Pedersdtr. fekk så søskenskjøte på garden for kjøpesum 650 rd., og i 1764 gifta ho seg oppatt til sitt andre ekteskap og da med Erich Nilsen Skjeggstad. Etter det brukte ho så Ulland Nedre stue til ho døde i 1772. Ved det skifte som da var på Ulland nedre, vart jordegodset grd. Ulland taksert for 650 rd., og arvebuet utgjorde brutto 801 rd. og netto 148

rd. Det vart ved skiftet elles opplyst at avdøde Beret Pedersdtr. hadde hatt 3 born, nemleg forutan Anne og Christen i første ekteskap, også sonen Lars i sitt andre ekteskap. Enkemannen Erich Nilsen gifta seg så oppatt med Marit Arnesdtr. Ulland og dei fekk 3 born, nemleg: a. Arne f. 1774, død same året, b. Arne f. 1777, g 1809 med enka Kari Hansdtr. Nygaard, c. Beret gift 1816 med enkemannen Ole Pedersen Moug.

Av år 1776 er ei sak som tydeleg fortel at ”Ulland nedre alt i den tid vart rekna for å vera ein sær god pant. Saka det gjeld har elles etter utskrift denne ordlyden:

”Ulland Nedre Stue.

Pantebrev dat. og tinglest 19. juni 1776.

Erich Nielsen Ulland har bekommet tillåns 351 rd. av Arne Christophersen Lundgaard og av myndlingen den umyndige Christen Christensen Ulland 209 rd. tilsm. 560 rd. mot årlig rente 4% og pantsetter dem herfor sin påboende gård Ulland Nedre Stue beliggende i Saksumdalen til Fåberg prestegjeld av skyld 1 hud”.

Myndlingen Christen Christensen var som før nemnt einaste son av Christen Arnesen og Beret Pedersdtr., og Christen Christensen var i 1776 tretten år.

Ole Jacobsen brukte Ulland øvre til i 1771 da han skjøta garden over til odelsarvingen Peder Arnesen f. 1739. Ved han vart det så giftarmål mellem Ulland øvre og Lille Ulland, da dottera Ingeborg Olsdtr. Lille Ulland flytte inn som husfrue på Ulland øvre. Det var i 1772, og husbondsfolka Peder og Ingeborg Øvre Ulland fekk fleire born. Dei var: a. Sigri f. 1775, død som spebarn, b. Arne f. 1776, c. Sigri f. 1778, g. 1815 m. Erland Halvorsen Trangerud, d. Ole f. 1780, g. 1820 m. Ingeborg Larsdtr. Rindal f. 1798, e. Jens f. 1782, f. Ane f. 1784, g. 1812 m. Ole Christensen Kulsveen ved Saksum, h. Marte f. 1786, g. 1813 m. Peder Christensen Saksum, i. Christen f. 1788, død ugift i 1820.

Her tek vi elles med at i 1798 gav så på nedre Ulland Erich Nielsen skjøte til odelsarvingen Christen Christensen for kjøpesum 650 rd. og føderåd til stefaren Erich Nielsen og stemora Marit Arnesdtr. Det er elles opplyst at kjøparen Christen Christensen da overtok ”alt løsøre samt jorden tilsådd dette år”.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 1 familie på øvre Ulland og 4 familiar på og/eller ved nedre Ulland. Den eine familien på øvre Ulland var:

1. Peder Arnesen, husbonden, 62 år
2. Ingebor Olsdtr., kona hans, 52 år
3. sonen Arne, 25 år
4. sonen Ole, 21 år
5. sonen Jens, 20 år
6. sonen Christen, 13 år
7. dottera Sigrid, 23 år
8. dottera Anne, 17 år
9. dottera Martha, 15 år
10. Ole Andersen, ”gaaer i Dagleie”, 40 år
11. Johanne Rasmusdtr.
12. ”Lægde Barn”
13. Anne Arnesdtr., ”Pleie Barn”

Dei fire familiane på nedre Ulland var:

1. familie:
  1. Christen Christensen, husbonden, 37 år
  2. Guro Christensdtr., kona hans, 24 år
  3. Christen, son deres, 3 år
  4. Mari, dotter deres, 1 år
  5. Halvor Christensen, tenestkar, 20 år
  6. Jon Halvorsen, tenestkar, 22 år
  7. Kari Jacobsdtr., tenestkvinne, 48 år
  8. Kirsti Olsdtr., tenestkvinne, 16 år
2. familie:
  1. Erich Nielsen, føderådsmann, 65 år
  2. Marit Arnesdtr., kona hans, 64 år
  3. Berit Erichsdtr., dotter deres, 15 år
3. familie:
  1. Guldbrand Svendsen, husmann med jord, 37 år
  2. Kari Nielsdtr., kona hans, 35 år
  3. sonen Svend, 8 år
  4. dottera Berit, 5 år
  5. dottea Marthe, 3 år
4. familie:
  1. Svend Christensen, ”nyder Lægd af Sogenet”, 71 år
  2. Sidsill Guldbrandsdtr., kona hans, 72 år

Peder Arnesen på Ulland øvre brukte garden til i 1804, da han skjøta odelsgarden over til eldste sonen Arne Pedersen for kjøpesum 699 rd.

Arne Pedersen, f. 1776, som dermed tok over som husbond i Ulland Øvre stue, gifta seg i 1806 med Kari Jacobsdtr. Kolberg f. 1780, og dei fekk i sitt ekteskap 4 born. Det var: a. Peder f. 1807, b. Ingeborg f. 1809, g. 1833 m. Amund Amundsen Hovland, c. Anne f. 1812, d. Johan f. 1814, g. 1845 m. Ingeborg Olsdtr. Romerike f. 1809.

I 1808 var husbonden på Ulland nedre Christen Christensen i beit for kontantar, og han lånte da 1100 rd. av Even Korstad mot pant i grd. Ulland framleis av skyld 1 hud. Men fire år seinare selde i 1812 Christen Christensen ættegarden Ulland nedre til forvalteren ved Jevne Glasverk hr. Caspar Kaufeldt. Handelen var truleg inngått ved drikkebordet, og kjøpesummen for garden er ikkje nemnt. Men Christen Ulland og husfrua Guro fekk føderåd etter kontrakt. Forvaltar Caspar Kaufeldt hadde så Ulland nedre til i 1819, da han gav skjøte til Hans Andersen Aaseth, og kjøpesummen for Ulland var da 1640 spd. I den same tid brukte Arne Pedersen Ulland øvre framleis garden til han døde i 1820, og sonen Peder Arnesen f. 1807 tok over som brukar.

Flerie nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om løpenr. 28 ”Ulland Nedre” fortalt at buskapen av store husdyr da var: 3 hestar og 16 storfe, og at den årlege kornavlinga da var kring 50 tønner. Eigar og brukar der var framleis Hans Andersen, som hadde Ulland nedre til i 1832, da han gav skjøte på garden til Peder Eriksen.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 var den gamle landskyld i huder og skinn, smør og fisk skifta ut med ei matrikkeskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Løpenr. 28 a ”Ulleland nedre” fekk da som si nye matrikkelskyld: 5 skylddalar 4 ort 21 skilling, og det var altså Peder Eriksen som da var oppsittar på Ulland nedre. Dessutan var det da av Ulland nedre fråskilt eit løpenr. 28b Laderud av ny skyld 4 ort 6 skilling, der Børre Pedersen da var oppsittar. Tilsvarande fekk så løpenr. 35 Ulland øvre som si nye matrikkelskyld: 6 skylddalar 1 ort 8 skilling, og oppsittar der var i den tid framleis Peder Arnesen f. 1807.

Husbonden Peder Arnesen Ulland, som her er nemnt, var elles i 1832 vorte gift med Berte Amundsdr. Hovland, og dei hade 5 born, nemleg: a. Agnete f. 1833, b. Andreas f. 1834, c. Kristine f. 1837, d. Amund f. 1839, e. Even f. 1842.

Peder Eriksen på Ulland nedre brukte garden til i 1851, da han skjøta Ulland av skyld 5 dal. 4 ort 21 skill. over til sonen Even Pedersen for kjøpesum 1600 spd. + eit føderåd verdsett til 300 spd. To år seinare var det elles skyldsetningsforetning på Nedre Ulland, og ein parsell kalla Enger vart fråskilt og skyldsett til 2 ort 11 skill. Da Even Pedersen i 1855 selde Ulland nedre, vart bruket Enger unntatt ved handelen. Kjøparane av garden i 1855 var elles A. Oppen og A. Svendsrud, og kjøpesummen for Ulland, bruket Enger unntatt, var da 1600 spd. Dei to eigarane A. Oppen og A. Svendsrud brukte så Ulland nedre isaman til i 1858, da dei gav skjøte til Gulbrand Narvesen Weme for kjøpesum 2400 spd.

Samtidig med dette var det på Ulland øvre framleis Peder Arnesen som var brukar til i 1862, da han overlet garden til sonen Arne Pedersen. Året etter var det i 1863 også skyldsetningsforetning der, og ein parsell skyldlagt til 4 ort 11 skilling vart fråskilt som eiga bruk.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865, vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om løpenr. 28 Ulland nedre oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 450 mål, og av dette var 76 mål jord av 1. klasse. Dessutan var det da under løpenr. 28 Ulland nedre:

- a. eit bruk av namn Enger med eit jordbruksareal av 53 mål, der Even Enger da var oppsittar
- b. eit bruk av namn Ladderud med eit jordbruksareal på 41 mål, der Even Ladderud var oppsittar.

Tilsvarande var det under løpenr. 28 b Ulland øvre eit jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer på 264 mål og derav 63 mål jord av 1. klasse. Vidare var det også her under løpenr. 28 b Ulland øvre eit fråskilt bruk Ladderud, men med eitt jordbruksareal på 70 mål der Søren Ladderud var oppsittar.

Her på Ulland øvre heldt det i 1860-70 åra også fram med fleire nye skyldsetningar, og både sætra Gullringen og andre parsellar vart fråskilt garden. Vidare var i 1870-71 den store utskifting av Skjelbrei- og Aaltjernmarkens Sameieskog.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Ulland fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 103 av samla skyld 22,44 mark, og det var da vorte 11 bruksnr. under gardsnr. 103 Ulland. Dei 11 bruksnr. var:

- a. Grn. 103 brn. 1 Ulland nedre av skyld 7,58 mark, som Ole Svendsen var eigar og/eller brukar av.
- b. Grn. 103 brn. 2 Ladderud, skyld 1,11 mark, eigar ell. brukar Børre Pedersen
- c. Grn. 103 brn. 3 Enger, skyld 0,89 mark, eigar eller brukar Ole Evensen
- d. Grn. 103 brn. 4 Ulland nedre, skyld 0,70 mark, eigar eller brukar Mathias Gustum
- e. Grn. 103 brn. 5 Volden, skyld 0,06 mark, eigar eller brukar Børre Goensen
- f. Grn. 103 brn. 6 Skog, skyld 2,09, eigar og brukar Mathias Gustum
- g. Grn. 103 brn. 7 Ulland, skyld 7,25 mark, eigar eller brukar Johan Olsen Saksum

- h. Grn. 103 brn. 8 Ladderud nordre, skyld 0,88 mark, eigar eller brukar Peder Larsen Ormerud
- i. Grn. 103 brn. 9 Guldringen (sæter) eigarar og brukarar Even Ladderud og Ole Kr. Berg.
- j. Grn. 103 brn. 10 Skog, skyld 0,53 mark, eigar og brukar Mathias Gustum
- k. Grn. 103 brn. 11 Skog, skyld 0,65 mark, eigar ell. brukar Ole Svendsen.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da vidare skjedd desse skifte:

- a. brn. 1 Ulland nedre da av skyld 6,72 mark var overtatt av Otto E. Ladderud
- b. brn. 2 Ladderud var overtatt av Even Børresen
- c. brn. 3 Enger var overtatt av Hans Kristiansen

Vidare var brn. 4, 6 og 10 Skog overtatt av Gustumskogenes Interessentskab. Even Larsen hadde da overtatt brn. 8 Ladderud nordre, og Otto E. Ladderud hadde kjøpte brn. 11 Skog, Bernt og Svend Evensønner Ladderud hadde tilhandla brn. 12 Vasserud av skyld 0,65 mark, dessutan hadde Kristiand Gulbrandsen tilhandla seg brn. 16 Hestsveen av skyld 0,47 mark, og Ole Ulland hadde overtatt brn. 17 Klemtrud av skyld 0,39 mark.

Etter dette budde det ved kommunevalet i 1907 i alt 17 personar med røysterett på det gamle Ullands grunn. Dei var:

- 1. gardbr. Johan O. Saksum, Ulland, 50 år (og kona Gina Ulland)
- 2. gardbr. Kristian Gudbrandsen, Hestsveen, 47 år
- 3. husmor Kari Timansdr., kona hans, 44 år
- 4. lærar Martin Larsen, Ulland nedre, 35 år
- 5. gardbr. Even Børresen, Volden, 43 år
- 6. husmor Matea Volden, kona hans, 39 år
- 7. gardbr. Syver Opsal, Volden øvre, 48 år
- 8. husmor Matea Opsal, kona hans, 49 år
- 9. gardbr. Even L. Laderud, Laderud nordre, 42 år
- 10. husmor Kari Laderud, kona hans, 37 år
- 11. gardbr. Bernt E. Laderud, Laderud søre, 41 år
- 12. husmor Guri T. Laderud, kona hans, 38 år
- 13. føderådsmann Even B. Laderud, Ulland nedre, 74 år
- 14. gardbr. Otto E. Laderud, Ulland nedre, 30 år
- 15. arbeidar Amund Ulland, Ulland nedre, 68 år
- 16. arbeidar Kristian Klemrud, Klemtrud, 48 år
- 17. arbeidar Ingvald K. Klemtrud, 28 år

Av handlar med Ulland eller parsellar av Ullandsgardane i seinare tid tek vi her elles med at i 1911 kjøpte Hans Kristiansen grn. 103 brn. 3 Enger av skyld 0,60 mark, og samtidig kjøpte Kristian Hansen grn. 103 brn. 18 Engum av skyld 0,29 mark; samtidig kjøpte og Kristian Skarsveen grn. 103 brn. 19 Skarsveen, og i 1919 kjøpte M. Sand skogteigen grn. 103 brn. 21 Øvreteigen av skyld 0,73 mark. Dessutan vart det i 1919 fråskilt og selt 6 andre skogteigar av grn. 103 Ulland. Dei 6 skogteigane var:

Hestsveen skogteig, Lillehagen skogteig, Klemtrud skogteig, Storsveen skogteig, Svesengen skogteig og Voldstad skogteig. Vidare kjøpte i 1931 Thor Ladderud grn. 103 brn. 28 Ringflata, og Sten Rindal tilhandla seg i 1935 grn. 103 brn. 29 Eng av skyld 0,33 mark.

Vidare overtok i 1930 Einar Grønlien grn. 103 brn. 1 Ulland nedre etter onkelen Otto Laderud, og Sten Ulland overtok i 1942 grn. 103 brn. 3 Ulland øvre etter faren Mathias Rindal.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det da 12 gardsbruk med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar) under grn. 103 Ulland. Dei 12 bruk var:

- a. Grn. 103 brn. 1, 11 Ulland nedre med eit jordbruksareal på ca 80 mål, som Einar Grønlien altså var eigar og brukar av.
- b. Grn. 103 brn. 2, 12 Laderud med Th. Laderud som eigar og brukar
- c. Grn. 103 brn. 3 Enger, jordbruksareal ca. 30 mål, eigar og brukar Oluf Enger
- d. Grn. 103 brn. 7 Ulland øvre, jordbruksareal ca. 145 mål, eigar og brukar Mathias Rindal
- e. Grn. 103 brn. 8 Laderud nordre, jordbruksareal ca. 15 mål, eigar og brukar Even Laderud
- f. Grn. 103 brn. 19 Ullandsstorsveen med Kristian Storsveen som eigar og brukar
- g. Grn. 103 brn. 20, 23 Lillehagen, jordbruksareal ca. 20 dekar, eigar og brukar Trygve Kirkerud
- h. Grn. 103 brn. 22, 16 Hestsveen, jordbruksareal ca. 20 mål, eigar og brukar Olaus Hestsveen
- i. Grn. 103 brn. 104 brn. 26, 5 Svesengen, jordbruksareal ca. 15 mål, eigar og brukar Berger Gudbjørsrud
- j. Grn. 103 brn. 5 Volden, jordbruksareal ca. 40 mål, eigar og brukar A. P. Kval
- k. Grn. 103 brn. 17 Klemetrud, jordbruksareal ca. 23 mål, eigar og brukar Kolbjørn Klemtrud
- l. Grn. 103 brn. 29 Eng, jordbruksareal ca. 20 mål, brukar Einar Ouren